



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 28.10.2015

Sak nr.: 15/10665-2

Internt l.nr.: 47618/15

Sak: 23/15

Tittel: Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane - kvalitet og gjennomføring

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring skal legge særleg vekt på formidlinga av søkjarar med ungdomsrett til opplæring i bedrift, siste to år, når opplæringstilbodet skal vedtakast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir ikkje tilskot utover fyrste fagbrev.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med framlegg til eit nytt punkt 2:

Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.

Avrøysting:

Punkt 1 i fylkesdirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 2 i endringsframlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutval for opplæring skal legge særleg vekt på formidlinga av søkjarar med ungdomsrett til opplæring i bedrift, siste to år, når opplæringstilbodet skal vedtakast.
2. Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.